



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/708-1

Sakshandsamar: Tone Lunde Skaalen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre		

Handlingsplan - oppfølging av bygdevekstavtale for Vest - Telemark 2025

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

1 Utkast til handlingsplan oppfølging av Bygdevekstavtale for Vest-Telemark 2025_

Bakgrunn for saka

Alle seks kommunane i Vest-Telemark er ein felles pilot i det nasjonale bygdevekst-prosjektet. Andre avtalepartar er staten ved Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) og Telemark fylkeskommune.

Bygdevekstavtala er handsama og vedteken vinteren/våren 2025, og avtala skal signerast av alle partar 2. juni 2025. Avtaleperioden går frå 2025-2028.

Målet med bygdevekstprosjektet er å bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delar av distrikts-Norge. Tiltaka skal også ha overføringsverdi til andre distriktskommunar.

Bygdevekstprosjektet er eit utviklingsprosjekt som blant anna skal bidra til innovasjon og nytenking, og det skal vera eit supplement til kommunane sitt ordinære arbeid.

Piloten i Vest-Telemark har prioritert tre delmål i avtala:

- Fleire eigna bustader i Vest-Telemark
- Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor
- Meir kompetanse innan helse og oppvekst

Finansieringa av prosjektet er ein kombinasjon av driftstilskot og tiltaksmidlar. Det er sett av 2 millionar kroner årleg i driftstilskot frå 2024 til 2026 for å dekke operative kostnader. Frå 2025 er det løyvd ytterlegare 18 millionar kroner for piloten i Vest-Telemark i tiltaksmidlar, øymerka konkrete prosjekt som støttar målet i avtala. Statsbudsjettet for 2026 blir først vedteke i desember 2025.

Handlingsplan

Det skal utarbeidast årlege handlingsplanar for kvart delmål i avtala og settast i gang aktivitetar og tiltak i tråd med handlingsplanane. Handlingsplanane skal godkjennast av kommunestyra, fylkeskommunen og KDD. Handlingsplanane er grunnlaget for utbetaling av midlar frå statsbudsjettet.

Ved kvar årleg oppdatering skal det gjerast greie for:

1. Nye tiltak, både der ein ynskjer å nytte statlege midlar og ev. andre relevante tiltak som bør sjåast i samanheng.
2. Endring av eksisterande tiltak, og kva som er grunngjevinga for endringa.
3. Avslutta tiltak, med ei kort vurdering av kva tiltaket har bidrege til.

Handlingsplanen fungerer som grunnlag for statleg medfinansiering av avtala, og piloten skal vera samde med samarbeidspartane om tiltaka under det enkelte delmålet. Midlane til den statlege medfinansieringa av tiltak vart løyvd frå Stortinget for 2025, men midlane kan overførast til seinare år og skal dekke heile avtaleperioden. Piloten kan prioritere ulike delmål til ulik tid i løpet av avtaleperioden.

I tillegg til avtalepartane, er også andre partar inkludert i deler av arbeidet. Desse har status som samarbeidspartar t.d. Husbanken. Samarbeidspartane skal vera samde om tiltak og arbeidsmetodar i handlingsplanen, og skal formelt godkjenne dette.

Utanom styringsgruppa inkludert Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, har Husbanken, Distriktssenteret, Nissedal studie- og utdanningssenter (NUS), Léva Urban Design og Oxford Research har delteke i utforminga av handlingsplanen.

Handlingsplanen skal vedtakast i kommunestyra i alle dei seks Vest-Telemarkkommunane. Det er eit ynskje at saka er innom formannskapa slik at ho ikkje går direkte til kommunestyra.

Bygdevekstprosjektet og innspel til handlingsplanen var tema for formannskapsmedlemmene i Vest-Telemarktinget 29.-30. april 2025. Det var gode arbeidsøktar, og resultata frå desse er innarbeidd i handlingsplanen.

Handlingsplanen skal leverast KDD for godkjenning innan 27. juni 2025.

Vurdering

Handlingsplanen som ligg ved saka, viser dei tre delmåla med prioriterte tiltak i denne omgang, fordeling av budsjett for heile finansieringsperioden og budsjett og finansieringsplanen for 2025.

Arbeidet fram mot ein handlingsplan har bestått i å etablere kontakt og samarbeid med aktuelle samarbeidspartar, delteke på samlingar, avklart nivå på samarbeid og formuleringar.

Det er etablert arbeidsgrupper for delmål 1 og 3 våren 2025. Desse arbeidsgruppene har hatt hjelp frå prosessrettleiarar for å prioritere aktuelle tiltak. Tiltaka vart presentert på Vest-Telemarktinget 29. april 2025.

Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå tingmøtet, vel styringsgruppa å leggje vekt på delmål 1) *Fleire eigna bustader i Vest-Telemark* med 60 % og dei to andre delmåla med 20 % kvar.

Styringsgruppa er usikker på om delmål 2) førebels har funne si form. Me vurderer å arbeide vidare med retning og konkretisering av dette delmålet.

Det å vera pilot inneber å finne fram til løysingar sjølv og tole noko endring undervegs, slik er det også i Bygdevekstprosjektet. Mange samarbeidspartar og parallelle prosessar har skapt eit kompleks prosjekt og ein nokså omfattande handlingsplan.

Handlingsplanen for 2025 speglar eit annleisår sidan me ikkje får heilårsverknad dette året. KDD godkjenner handlingsplanen i løpet av august 2025. Difor har ein ikkje teke med så mange og store tiltak dette året. Det blir ein revisjon av handlingsplanen i løpet av hausten 2025. Med dei ressursane som er tilgjengeleg, er det viktig å kome i mål med dei oppførte tiltaka. Vest-Telemark er den største piloten med seks kommunar som samarbeider, og me ser at det er ein krevjande prosess når KDD ber oss om å forankre avtale og handlingsplan politisk i alle kommunestyra. Kommunane går ikkje «i takt» og har samordna politiske møte, så difor vart både avtaleprosessen og no handlingsplanprosessen strekt ut i tid når saka skal innom både formannskap og kommunestyre i seks kommunar.

Det er ei forventning om at prosjektet er aktivt og søker om tilskot gjennom eksisterande verkemiddel. Fram til no har det ikkje vore tid til å søkje andre ordningar.

Når det gjeld måloppnåing og vurdering av desse, vil KDD utforme ein mal for sluttevaluering i dialog med pilotkommunane. Desse blir formelt fastsett i samband med tilskotsbrev som me mottek når handlingsplanen er godkjent av KDD.

Utover ordinær samhandling om tiltak og arbeid vidare, har KDD skissert i eit årshjul som viser at me har revisjon av handlingsplanen to gonger pr år, årleg politisk møte og årlege rapporteringsfristar.

I tilrådinga frå kommunedirektøren er det forslag om å gje styringsgruppa fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.

Fristen for å sende handlingsplanen til KDD er 27. juni. Utkastet til handlingsplan er etter avtale allereie sendt til KDD for gjennomlesing. Me har motteke tilbakemelding, så difor går me ut frå at handlingsplanen blir godkjent av KDD slik han føreligg i dag.

Styringsgruppa vonar at dokumentet slik det ligg føre, gjev den enkelte av dei seks kommunane tilstrekkeleg fleksibilitet til at ulikskapane kommunane imellom blir godt ivareteke.

Det er avgjerande at alle pilotkommunane gjer likelydande vedtak i saka for at tiltaka kan setjast i verk. Med seks kommunar er det utfordrande å prioritere ulike tiltak i ulike kommunar. Dette vil me erfare og vurdere ved revisjonane av handlingsplanane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vedlagde utkast til handlingsplan for 2025 i Bygdevekstavtala vert vedteken.

2. Styringsgruppa i Bygdevekstprosjektet får fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.